

# Olav Husevåg

Fødd: 11. mars 1936 - Døde: 10. juli 2022



*Din livsdag her er no forbi.  
Du tok så stilt farvel med oss,  
med heimen, ja med alt  
du hadde hugnad i.*

*Vi saknar deg  
for minna som du gav.  
Vi unner deg Guds gode fred  
og sår blomar på di grav.*



*Bisettelse i Sor-Vågsøy kirke  
tirsdag 19. juli 2022*

*Preludering*  
*ved organist Ingvard Sundal*

Eg veit i himmerik ei borg,  
Ho skin som soli klåre,  
Der er ei synder eller sorg,  
Der er ei gråt og tåre.

Eg fatig hit til verdi kom  
Og rann av ringe røter,  
Fer herifrå med handi tom,  
Og daudens vald meg møter.

Der inne bur Guds eigen Son  
I herlegdom og æra,  
Han er mi trøyst og trygge von.  
Hjå honom eg skal vera.

Men visst eg veit ein morgon renn,  
Då daudens natt skal enda.  
Min likam upp or gravi stend,  
Og evig frygd fær kjenna.

Eg er ein fatig ferdamann,  
Må mine vegar fara  
Herfrå og til mitt fedraland,  
Gud meg på vegen vara!

So hjelp oss du vår Herre Krist,  
Ditt blod for oss hev runne!  
Din bitre daude sant og visst  
Oss himmerik hev vunne.

Me takkar deg til evig tid,  
Vår Herre, alle samén,  
For du er oss so mild og blid  
I Jesus Kristus! Amen.

Tysk, før 1600  
Bernt Støyle, 1905

*Inngangssord og Minneord*  
*ved prest Mari Saltkjel*



*Blomsterhelsingar*



*Musikkinnslag*

*"Fou raise me up" ved Emily Rebecca Husevåg-Kristensen*

*Skrifflasing*

Høgt frå den himmelske klåra  
Faderens auga kan sjå  
både din smil og di tåra,  
hjarta, kvi ottast du då?

Græt du, han turkar di tåra,  
klagar du, lyder han på,  
lækjer for alt som kan såra,  
hjarta, kvi ottast du då?

Om deg eit stormver vil herja,  
fiendehærar deg nå,  
vara han vil deg, og verja,  
hjarta, kvi ottast du då?

Lyt du enn lengta og stunda  
kruna og kransen å nå,  
søtt i hans fang skal du blunda.  
hjarta, kvi ottast du då?

Anders Hovden, 1925

*Tale og bøn*  
*Fellesbøn, Vår far*

Jeg er i Herrens hender når dagen gryr i øst.  
Hver morgen han meg sender sitt ord med lys og trøst.  
Hva dagen meg vil bringe av glede og av savn,  
Jeg kan på bønnens vinge få kraft i Jesu navn.

Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer.  
I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær.  
Om jeg i dype daler må gå den tunge vei,  
Fra himlens høye saler hans øye følger meg.

Jeg er i Herrens hender når dagen dør i vest.  
Min synd jeg stilt bekjenner for ham, min høye gjest.  
Han gir meg himlens nåde og setter englevakt,  
For natten vil han råde med hellig guddomsmakt.

Jeg er i Herrens hender når dødens bud meg når.  
Mens lyset stilt nedbrenner, fra ham jeg hilsen får.  
Han gir meg stav i hande, han gir meg trøst i sinn,  
Og glemt er ve og vande på vei til himlen inn.

Erling Tobiassen, 1932

*Etter jordfestinga*

Fager kveldsol smiler over heimen ned,  
jord og himmel kviler stilt i heilag fred.

Berre bekken brusar frå det bratte fjell,  
høyr, kor sterkt det susar i den stille kveld!

Ingen kveld kan læra bekken fred og ro,  
ingi klokke bera honom kvilebod.

Så mitt hjarta stundar, bankande i barm,  
til eg eingong blundar i Guds faderarm.

*August H. Hoffmann von Fallersleben 1837  
Peter Hognestad 1904*



*Ei varm takk til deg som var  
med oss i dag*

*Familien*